



Kvartetten som skilte seg ut i refleksstevlinga saman med leiar i Hobbyklubben Tore Mathiesen. Frå venstre står Anita Miljeteig, Tone Helen Moen, Ingebjørg Haugland og Kjartan Tungesvik. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Måndag var det sesongavslutning i Bedehuset for Hobbyklubben og der var bruk av refleks i fokus. Då sesongen starta i fjor haust vart det delt ut refleksvestar og no var spørsmålet: Kven har vore flinkast til å bruka vestane?**



Desserbordet frista ved avslutningen av Hobbyklubben. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Leiinga har notert ned bruken for kvar enkelt gjennom vinteren og det viste seg at fire skilte seg ut, ja dei låg faktisk i ei klasse for seg.

Dei var Anita Miljeteig, Ingebjørg Haugland, Kjartan Tungesvik og Tone Helen Moen og det måtte trekning til mellom dei for å kåra vinnaren. Det vart Tone Helen Moen, som vann ein IPOD medan dei tre andre fekk ein MP3-spelar.

Oddbjørg Heimark opna samveret med andakt og det var servering frå eit rikholdig dessertbord.

Hobbyklubben har hatt ein god sesong, og det er særleg grunn til å trekkja fram den nye fotogruppa som har hatt god oppslutnad.